



DEN NORSKE KYRKJA i Bygland

Til medlemmene i Bygland og Årdal sokneråd

MØTEINNKALLING ONSDAG 26.05.2021

Ein kallar med dette inn til møte i Bygland og Årdal sokneråd Onsdag 26.05.2021 kl.19.00 på Vonheim bedehus.

Om nokon vert forhindra frå å møta, ver grei å seie frå snarast til underteikna på tlf. 982 99711 eller mail: kbnilsen@hotmail.com

- Sak 06/21 Ny kyrkjeleg organisering
- Sak 07/21 Framdrift nytt elektrisk anlegg Sandnes kyrkje
- Sak 08/21 Orienteringssaker

Bygland kyrkjekontor, 19.05.2021



Olav Nilsen

kyrkjeverje

Vedlegg:

1. Dokument ny kyrkjeleg organisering
2. Tilbod frå Evje Elektriske

Sak 06/21 Ny kyrkjeleg organisering

NY KYRKJELEG ORGANISERING - KONSEKVENSER FOR BYGLAND

Våren 2020 gjorde Stortinget vedtak om ei ny trus- og livssynssamfunnslov til erstatning for den gamle kyrkelova.

Vidare vedtok Kyrkjemøtet i april 2019 å be Kyrkjerådet "om så snart som mogeleg i komande kyrkjemøteperiode å fremma forslag til Kyrkjemøtet om framtidig arbeidsgjevarorganisering og den øvrige kyrkjeordning".

Kyrkjerådet har i sakene KR37/19 og KR 59/19 konkretisert dette vedtaket.

I sak KR 37/19 står det at arbeidsgruppe 4 skal utgreie:

- Samarbeid mellom kyrkje og kommune om til dømes kyrkjebygg, diakonale og kulturelle samfunnsområde
- Samhandling og budsjettprosess
- Rapportering og innsyn mellom kyrkje og kommune
- Samhandling og budsjettprosess mellom "prostiråd/storfellesråd" og Kyrkjemøte

I høve til siste stjernepunkt er det viktig å nemna at Kyrkjerådet allereie har lagt til grunn at noverande fellesråd i den enkelte kommune skal erstattas av eit såkalla "prostifellesråd".

Ein kjem attende til dette seinare.

Kyrkjerådet har mellom anna sett følgjande mål for ny organisering:

- frigjera mest mogeleg ressurser til møter med folk lokalt
- legge til rette for at kyrkja når ut med evangeliet
- legge til rette for at kyrkja oppfyllet samfunnsoppdraget som folkekyrkje og tek vare på den kristne kulturarven
- at kyrkja er enkel og funksjonell
- ha fokus på kyrkjas oppgåver i soknet
- styrka strategisk og faglig leiing i soknet

Arbeidsgruppas leiar har vore assisterande kommunedirektør i Volda kommune, Ann Kristin Langeland. Ho har mellom anna hatt med seg Jan Olav Olsen frå Gjerstad, medlem av Kyrkjerådet og tidlegare Stortingsrepresentant for Aust-Agder Høgre. Vidare fleire kyrkjevevjer, fellesrådsleiarar og spesialrådgiver Trygve Nedland frå KA (Kyrkjias arbeidsgjevarorganisasjon)

Arbeidsgruppa påpeiker dei oppgåvene dei kyrkjelege fellsråda har etter Kyrkelovas § 14:

- bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer

- anlegg, drift og forvaltning av gravplasser
- oppretting og nedlegging av stillingar som vert løna over fellesrådets budsjett
- anskaffing og drift av kyrkjekontor og prestekontor
- administrativ hjelp for prosten når staten gjev tilskudd til det
- anskaffing av lokaler, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring
- arbeidsgjevaransvar for dei kyrkjeleg tilsette
- budsjett
- rekneskap
- økonomiforvaltning

Vidare viser arbeidsgruppa til kommunens økonomiske ansvar etter Kyrkelovas § 15:

- utgifter til byggung, drift og vedlikehald av kyrkjene
- utgifter til anlegg og drift av gravplasser
- utgifter til dei kyrkjelege stillingane som fellesrådet har ansvaret for: Kyrkjetenar, klokkar, organist, reinhaldar, kyrkjevevje m.m
- driftsutgifter for fellesråd og sokneråd, herunder utgifter til administrasjon og kontorhald
- utgifter til lokaler, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring
- utgifter til kontorhald for prester
- utgifter til kyrkjeleg undervisning, diakoni, kyrkjemusikk og andre kyrkjelege tiltak i sokna
- utgifter til gudstenester m.m

Arbeidsgruppa lister vidare opp hovudoppgåvene til soknerådet, men då desse funksjonane i hovudsak vert vidareført lokalt uavhengig av framtidig organisering bruker me ikkje meir tid på dette i denne samanheng.

Arbeidsgruppa tek og ein gjennomgang av prostias ansvar og oppgåver. Me nemner i denne samanheng at Otredal prosti består av følgande sokn:

- Vennesla, Øvrebø og Hægeland
- Iveland
- Evje og Hornnes
- Åseral
- Bygland og Årdal
- Valle og Hylestad
- Bykle

Prosten leier prestetenesta i prostiet og bistår biskopen i si tenesteutøving.

Fleire prester i Otredal prosti arbeider idag delvis på tvers av soknegrensene, og prostidiakonitenesta er delt inn i Øvre Otredal (Bygland, Valle og Bykle) og nedre Otredal (Vennesla, Øvrebø, Hægeland, Iveland, Evje og Hornnes og Åseral)

Arbeidsgruppa tek og for seg ein del samanslåingar av fellesråd, dels som følge av kommunesamanslåingar, dels på friviljug basis på tvers av kommunegrensene.

Eit sentralt punkt i dette er om det har vore administrative besparingar på slike samanslåingar. Om dette seier arbeidsgruppa mellom anna: "Dei fleste oppgir at det anten er like stor ressursbruk knytt til administrasjon, eller svært usikkert om det vil vera relativt mindre ressursar på administrasjon og ledelse".

Arbeidsgruppa tek og for seg begrepet "Kommunal tenesteyting", som er vanleg på følgande tenesteområder:

- Administrative tenester: Rekneskap, løn, IT, og andre merkantile tenester
- Byggforvaltning, kontor, vaktmester, vedlikehald
- Gravplassforvaltning

Det er i Otredal prosti noko ulike praksis i kva grad dette er tenester kommunane tek betalt for eller ikkje.

I Bygland er det kommunen som utfører heile gravplassforvaltninga, bortsett frå utstikking av graver og innkreving av festeavgifter.

Vidare køyrer kommunen løn, og bidreg på IT-sida, medan kyrkjekontoret sjølv fører rekneskapen. Naudsynte kontor vert og ordna direkte av kommunen, medan kyrkjekontoret sjølv i all hovudsak har ansvaret for vedlikehaldet av kyrkjene.

Det er relativt ulike praksis på dette området mellom kommunane og sokna i Otredal prosti.

Arbeidsgruppa nemner såvidt problematikken rundt pensjonsforpliktingar.

Medan Vennesla kirkelige fellesråd hadde ein brutto pensjonsforplikting på kr.12,4 mill pr.31.12.2020, var tilsvarende tal for Evje og Hornnes kr.6,8 mill og for Bygland kr.1,5 mill.

Arbeidsgruppa tek opp spørsmålet om økonomi i pkt.6.3.1 på side 48 i sin rapport.

Her står ein del om korleis ein tenkjer seg prosessane rundt rekneskap, budsjett og innsyn ved ei omorganisering til prostifellesråd.

Idag gjev kommunen tilskot til sitt eige kyrkjekontor, ved ei ny løysing vil dette bli omtrent som ved andre interkommunale ordningar, der kvar deltakarkommune betaler inn sin andel etter ei avtalt fordeling.

Arbeidsgruppa kjem i pkt.6.5 på side 53 med eit forslag til rammeverk for etablering av prostifellesråd.

Ein gjeng ikkje i detalj på dette, men registrerer at ein tenkjer seg at kvart sokn vel ein representant til prostifellesrådet som fungerer som øverste organ. Så vel prostifellesrådet eit styre, der medlemmer frå alle kommuner inngår.

Det forelegg og ein sluttrapport frå hovedutvalet som har arbeidd med den framtidige kyrkjelege organiseringa.

Ein går ikkje i detalj på denne sluttrapporten på heile 128 sider, men registrerer at ein i pkt.4.2 blant anna påpeiker følgande utfordringar ved dagens organisering:

- Sårbare arbeidsmiljø og mykje deltid
- Ulik styring på same arbeidsplass
- Vanskeleg konflikthandtering
- Svakare rekruttering
- Styringsmessig kompleksitet

Ein går ikkje i detalj på alt dette, men registrerer at det er mange av dei same argumenta som går igjen i høve til kommunesamanslåingsdebattene.

Ein vil likevel gå litt meir inn på punktet "ulik styring på same arbeidsplass".

Dette har sin bakgrunn i at det idag er prosten som er arbeidsgjevar for prestane, medan det er kyrkjevevane som er arbeidsgjevar for dei andre kyrkjelege tilsette: Kyrkjetenar, klokkar, organist, reinhaldar, diakon, trusoppærar m.m.

Det er med andre ord 2 såkalla "arbeidsgjevarliner" i dagens modell.

Etter som ein forstår ønskjer hovudutvalet berre ei arbeidsgjevarline i ny modell, men med 3 ulike alternativ, som ein ikkje skal gå meir inn på her.

Tidsplan for tenkt omorganisering til prostifellesråd er sett til tidlegast 01.01.2024.

Kyrkjevevjas vurdering:

Kyrkjerådet har allereie lagt til grunn følgande premiss:

- At det skal etablerast eit felles prostifellesråd i kvart prosti
- At bispedømerådet skal bestå
- At sokneråda skal bestå

Så langt ein kan sjå inneber dette endå eit nytt kyrkjeleg organ, nemlig prostifellesrådet, og som i praksis vil ta over mesteparten av dei oppgåvene dei lokale fellesråda og sokneråda i dag har.

Ein skal vera klar over at mange små kommunar i dag er såkalla "eittsoknskommunar", noko som inneber at dei lokale sokneråda og ivaretek fellesrådsfunksjonane. Det er både effektivt og rasjonelt.

I Otredal prosti er dette tilfelle for både Iveland, Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle.

Det er berre den nedste og største kommunen, nemlig Vennesla, som har fleire sokneråd og eitt fellesråd.

Det er og slik at dei lokale kyrkjene i øvst i dalen har relativt god økonomi, ein god status på vedlikehald av kyrkjene og kyrkjegardane, eit godt samarbeid med kommunen, gode lokale medarbeidarar, lokalt engasjement, og god oppslutnad om folkekyrkja i samband med dåp, konfirmasjon og høgtidsfeiringar. Så kunne ein her som dei fleste stader hatt ønske om endå betre opplutning om gudstenester og kyrkjelege samlingar elles i året.

Kyrkjene i vårt dalføre et mykje meir enn eit fellesskap av dei truande, dei er som lokale kjennemerke som gjev folk identitet, engasjement og tilhøyre, langt utover det åndeleg fellesskapet.

Dei fleste av kyrkjene våre er gamle, og med ei historie som trekk linjene langt attende i tid.

Det har til no vore mogeleg å ivareta kyrkjjas behov i vid forstand nett på grunn av den lokale tilknytninga, og det gode samarbeidet med den kommunen den lokale kyrkja er ein del av.

Vert det oppretta eit felles prostiråd vil det etter alt å døme og innebere at mesteparten av dei lokale administrative ressursane bli overført til eit felles kyrkjekontor i nedre del av prostiet.

Samstundes vil dei lokale sokneråda - som i våre tilfelle og er fellestråd - mista dei fleste av sine oppgåver.

Sentralt i denne saka, som i dei fleste, er stikkordet økonomi.

I dag vert mesteparten av kyrkjas arbeid finansiert lokalt i den enkelte kommune.

Om den lokale kyrkjelege administrasjon vert sentralisert, og dei lokale sokneråda vert ståande att utan lokalt innhald, er det all grunn til å frykta at den lokale kommunale finansieringa på langt nær vert slik som i dag.

Ein har allereie sagt litt om den økonomiske statusen for kyrkjene i Setesdal prosti, og der dei minste øvst i prostiet har ein betre status enn den største nedst i prostiet.

Korleis skal ein då få dei små kommunane til å gje frå seg store ressursar til ei større eining langt vekke som vil sitja på det meste av makt og mynde, og der dei ikkje lenger er sikra at det som vert løyvd lokalt vert verande der?

Så langt me ein sjå inneber Kyrkjemøtets premiss om eit felles prostifellesråd eit klar svekking av det lokale kyrkjelege engasjementet og den naudsynte lokale finansieringa.

Det er gjort til eit poeng at dagens løysing med 2 arbeidsgjeverlinjer utgjer eit problem.

Det kan vera ulike erfaringar med dette, og i vårt prosti, men ein vil tru det stort sett går greit når arbeidsgjevarane respekterer kvarandres roller, der prosten tek ansvaret for prestane, og kyrkjevevja tek ansvaret for dei øvrige kyrkjeleg tilsette.

Så vil det innafor ei vidareføring av dagens ordning vera rom for lokale tilpasningar. Evje og Hornnes sokn og Åseral sokn får no ein felles kyrkjevjevje. Bygland kjøper idag tenester frå Evje og Hornnes sokn både på trusopplæring og ein del kontortenester.

Bygland har arbeidsgjevaransvaret for prostidiakonen i Øvre Otredal, som omfattar både Bygland, Valle og Bykle.

Vennesla har tilsvarande arbeidsgjevaransvaret for prostidiakonen i Nedre Otredal, som omfattar Vennesla, Iveland, Evje og Hornnes og Åseral.

Men alt dette skjer friviljug, og ut frå ei tenking av kva som er mest tenleg og kostnadseffektivt i det enkelte tilfelle.

Arbeidgruppe 4 syner til at dei samanslåingane av kyrkjekontor som allereie har vore heller ikkje i særleg grad har gjeve noko vesentlege administrative innsparingar.

Bygland og Årda sokn har idag alle tilsette på timeløn, med unntak av kyrkjevjevja. Dette gjer at lønnskostnadene vert justert i høve til aktiviteten.

Hvis alle tilsette i prostiet skal ha ein felles arbeidsgjevar er det grunn til å tru at slike lokale løysingar vil opphøyre.

Det vil bety ei kostnadsauke, ikkje ei besparing.

Om Kyrkjemøtet til sjuande og sist ender opp med ei meir sentralisert løysing for kyrkjeleg adminstrasjon og drift enn tilfellet er idag, bør ein istadenfor ein felles administrasjon for heile prostiet, heller sjå på andre geografiske inndelingar, til dømes for Indre Agder, der skilnadene mellom sokna ikkje er så store - korkje på økonomi, organisering eller kultur.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Bygland og Årdal sokneråd ønskjer å vidareføra sitt lokale kyrkjekontor, og med dei same soknerråds- og fellesrådsfunksjonane som ein har idag.

Ein meiner både Bygland kommune, kyrkjene, kyrkjegardane og kyrkjelyden i Bygland vil vera best tent med ei fortsatt lokal kyrkjeleg organisering.

I den grad ein ønskjer samarbeid med andre kyrkjekontor eller innanfor ulike kyrkjelege tenester bør dette skje friviljug, og ut frå dei konkrete behov i kvart enkelt tilfelle.

Sak 07/21 Framdrift nytt elektrisk anlegg Sandnes kyrkje, Åraksbø

Som nemnd i førre soknerådsmøte har Bygland kyrkjelege fellesråd fått tilsagn frå Riksantikvaren om eit tilskot på inntil kr.320.000,- til utskifting av det elektriske anlegget i Sandnes kyrkje, Åraksbø.

Dette utgjer 60% av samla berekna kostnad, som i søknaden var tenkt finansierte slik:

Riksantikvaren:	kr.320.000,-
Bygland kyrkjelege fellesråd:	kr.110.000,-
Bygland kommune:	kr.100.000,-
Totalt:	kr.530.000,-

Ein har sendt over saka i samband med tenkt medvirkning frå kommunens side til rådmannen, og kjem attende til dette etter kvart.

Ein tenkjer i alle høve at Fellesrådet kan «legga ut» den manglande finansieringa, og at me kan søka Bygland kommune om ei delfinansiering seinars i samband med budsjettet for 2022.

Me søkte i samband med budsjetthandsaminga for 2020 om tilskot frå kommunen på heile beløpet, slik me tidlegare hadde fått til Årdal kyrkje og Bygland kyrkje.

Riksantikvaren har no vore på befaring i Sandnes kyrkje, og har saman med Evje Elektriske godkjend den løysinga som framkjem i vedlagte tilbod og oppsett frå Evje Elektriske.

Totalprisen er auka til kr.550.000,- dels avdi dei tekniske løysingane vert litt annleis enn opphøveleg tenkt, dels grunna prisstigning sida siste kostnadsoverslag.

Frist for slutføring av arbeidet og utbetaling av tilskot er frå Riksantikvarens side sett til 31.10.2021.

Ein har sjekka ut reglar for anbod i slike saker, og finn at det for anskaffingar under kr.1,1 mill ikkje er sett noko heilt bestemte krav til tilbodsinnhenting.

Det er likevel slik at ein bør protokollera ei grunngjeving for å berre gå til ein leverandør.

I dette tilfellet har Evje Elektriske vore inne i heile prosessen, dei har kome med ei løysing som er i tråd med krava frå Riksantikvaren, det er mange som skal bestilla den same form for oppvarming, og det er lang leveringstid på dette. I tillegg er fristen for utført arbeid relativt knapp – 31.10.2021. Evje Elektriske reknar med dei kan anskaffa varmeomnane i slutten av august om dei bestiller no.

Ei utlysing av dette til fleire leverandørar vil forsinka framdrifta i så stor grad at ein ikkje er sikker på å kunne slutføra dette innan tidsfristen.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Bygland kyrkjelege fellesråd godtek tilbodet frå Evje Elektriske for utskifting av det elektriske anlegget i Sandnes kyrkje Åraksbø, slik det gjeng fram av tilbodet av 11.05.2021.

Grunngjevinga for å berre gå til ein leverandør er knapp frist til slutføring frå Riksantikvarens side, leverandørens kjennskap til dei krav Riksantikvaren stiller, og lang leveringstid på varmeomnar og anna materiell som skal nyttast.

Fra: Kjell Steinbru

Sendt: 25. mai 2021 11:21

Til: 'olav nilsen' <kbnilsen@hotmail.com>; Sigrid Greibrokk <Sigrid.Greibrokk@bygland.kommune.no>; kari@svenningsen.no; Guro Skibsrud <guro.kvaale.skibsrud@bygland.kommune.no>; Ånund Eldhuset <anundeld@gmail.com>; Arve Rauk <arve.rauk@gmail.com>; Stian Øina Vestøl <sv.9122@gmail.com>; olav neset <post@neset.no>; Marit Taksdal <taksdalmarit@gmail.com>; Gunnar Ellingsen <gunnar.ellingsen@kirkebakken.no>

Emne: SV: INNKALLING SOKNERÅDSMØTE 26.05.2021

Heil

Eit par saker som kjem til på møtet vårt i morgon:

1. Eg legg her ved eit utkast til gudstenester og offerliste for 2. halvår.
2. Vi må også planlegge årsmøtet vi har satt til 6. juni.

Med venleg helsing Kjell Steinbru

Sokneprest i Bygland og Årdal kyrkjelyd.

[Sitert tekst skjult]



Gudstenester hausten 2021 Bygland og Årdal FORSLAG TIL OFFERLISTE.xlsx

11K

DATO	DAG	Årdal	Bygland	Sandnes	Offerformål
4/ juli	Apost				
11/ juli	7 sit		11 KVS		KVS Bygland
18/ juli	8 sit			11 Austadnes	NMS
25/ juli	9 sit				
29/ juli	Olsok			18 S. Kapell	Åpne dører
1/ august	10 sit				
8/ august	11 sit				
15/ august	12 sit		11		Kirkens SOS
22/ august	13 sit	18			Kyrkjelydens misjonsprosjekt
28/ august	Ving		Laurdag 12 Konf		
29/ august	Ving			11 Konf	
4/ september	15 sit	Laurdag 11 Konf		14 Austad konf	
5/ september	15 sit				
12/ september	16 sit				
19/ september	17 sit				
26/ september	18 sit			11 Normisj	Normisjon
3/ oktober	19 sit		11		LEGO
10/ oktober	20 sit				
17/ oktober	21 sit		16 Konf pres		Kyrkjelydens misjonsprosjekt
24/ oktober	22 sit				
31/ oktober	BoB				
7/ november	AH	16.00			
14/ november	25 sit				
21/ november	KrKo				
28/ november	1sia	19.30			Bibelselskapet
5/ desember	2sia	Konsert	Konsert		
12/ desember	3sia			18 Me syng	Vonheimkoret
19/ desember	4sia				
24/ desember	Jolekveld	14.30	16.00		Kirkens nødhjelp (2x)
25/ desember	Joledag			16.00	Kirkens nødhjelp
26/ desember	Stef				
1/ januar	Nyårs	11.00			Vestagder søndagsskulekrins

Andre offerformål:

Israelsmisjonen.

Bedehusa

Kirkens Fengselsarbeid.

Kristent Arbeid Blant Blinde og Svaksynte

Stefanusalliansen

KRIK- Kristen idrettskontakt

Frelsesarmeen

Sjømannskyrkja.

Evangeliesenteret

Byglandsfjord barnekor.

Organisasjonen Menneskeverd

Menighetsfakultetet

Fra: olav nilsen <kbnilsen@hotmail.com>

Sendt: 19. mai 2021 16:33

Til: Kjell Steinbru <kjell.steinbru@kirken.bygland.no>; Sigrid Greibrokk <Sigrid.Greibrokk@bygland.kommune.no>; kari@svenningsen.no; Guro Skibsrud <guro.kvaale.skibsrud@bygland.kommune.no>; Ånund Eldhuset <anundeld@gmail.com>; Arve Rauk <arve.rauk@gmail.com>; Stian Øina Vestøl <sv.9122@gmail.com>; olav neset <post@neset.no>; Marit Taksdal <taksdalmarit@gmail.com>; Gunnar Ellingsen <gunnar.ellingsen@kirkebakken.no>

Emne: VEDLEGG TIL SAK 06/21

Om de går inn på linken "en beslutning om justert organisering" skal de få opp alle dokument som ligg føre i denne saka.

Så får de sjå kor djupt inn i materien de vil gå.

Olav

Fra: Medlemsinfo fra KA <trygve.jordheim@ka.no>

Sendt: onsdag 7. april 2021 17:27

Til: Olav Nilsen <kbnilsen@hotmail.com>

Emne: Anbefaler nytt prostifellesråd som felles arbeidsgiver



Arbeidsgiverorganisasjon for
kirkelige virksomheter

Medlemsinfo onsdag 07. april 2021



Anbefaler nytt prostifellesråd som felles arbeidsgiver

Rapporten om ny kirkelig organisering er klar. Nå venter den viktige høringsprosessen fram mot Kirkemøtet i 2022. – Dette har vært et krevende nybrottsarbeid. Nå er det behov for bred involvering i den videre prosessen. Den norske kirke er som landsdekkende folkekirke et ankerfeste i store deler av befolkningens liv. En beslutning om justert organisering vil trenge solid lokal forankring, sier hovedutvalgsmedlem og KA-sjef Marit Halvorsen Hougsnæs.

Anbefaler nytt prostifellesråd som felles arbeidsgiver



Hovedutvalget for kirkelig organisering samlet på et møte før korona. KA-sjef Marit Halvorsen Hougsnæs helt til høyre.

Foto: Heidi Olsen/Kirkerådet

Publisert: 07/04/2021

Rapporten om ny kirkelig organisering er klar. Nå venter den viktige høringsprosessen fram mot Kirkemøtet i 2022.

– Dette har vært et krevende nybrottsarbeid. Nå er det behov for bred involvering i den videre prosessen. Den norske kirke er som landsdekkende folkekirke et ankerfeste i store deler av befolkningens liv. En beslutning om justert organisering vil trenge solid lokal forankring, sier administrerende direktør i KA, Marit Halvorsen Hougsnæs.

Hun har vært medlem av hovedutvalget som på oppdrag fra Kirkerådet har utredet hvorvidt et «nytt, felles kirkelig organ på prostinivå» vil egne seg som framtidig arbeidsgiverorgan for alle som jobber på lokalt nivå i Den norske kirke. [Les hele rapporten her \(pdf\)](#).

Utvalget har konkludert med å anbefale en prostiløsning, men understreker at dagens prostistruktur må gjennomgås og justeres. Utvalgets medlemmer har også lagt til grunn helt ulike forutsetninger for å kunne anbefale løsningen.

Utvalgets flertall (6) legger til grunn at et prostifellesråd skal være et fellesorgan for soknene, slik kirkelig fellesråd er i dag, og overta som ny arbeidsgiver for dagens fellesrådstilsatte. I tillegg skal prostifellesrådet også bli arbeidsgiver for prestene i prostiet slik at alle som arbeider lokalt reelt sett får samme arbeidsgiver.

Et mindretall (4) legger også til grunn at prostifellesrådet skal være et fellesorgan for soknene og overta som ny arbeidsgiver for dagens fellesrådstilsatte. Arbeidsgiveransvaret for prestetjenesten bør ifølge disse forbli i rettssubjektet Den norske kirke, men det anbefales delegert til prostifellesrådet å utøve arbeidsgiverfunksjoner også for prestene.

Et annet mindretall (1) legger til grunn at prostifellesrådet skal være et arbeidsgiverorgan på vegne av rettssubjektet Den norske kirke. Dagens ordning, der et fellesorgan for soknene ivaretar arbeidsgiveransvaret for de som arbeider lokalt, bør etter dette medlemmets syn avvikes, og alle ha Den norske kirke nasjonalt som arbeidsgiver. Prostifellesrådet vil imidlertid på enkelte andre saksfelt opptre som organ på vegne av soknene (i rollen som kirkeeier og gravplassmyndighet).

– Jeg er glad for at det har vært så bred enighet i utvalget om at et fellesorgan for soknene fortsatt skal være arbeidsgiver for dem som utfører arbeidsoppgaver på soknenes vegne. Arbeidsgiveransvar oppstår ut fra et oppgaveansvar. Det er de som har oppgaveansvar som trenger ansatte for å få arbeidet utført. Det gjelder også menighetene i Den norske kirke, sier KA-sjef Marit Halvorsen Hougsnæs.

Fortsatt nærhet kommune-kirke

For å videreføre lokalkirkens nære forhold til den enkelte kommune anbefaler alle utvalgs-medlemmene unntatt ett at kommunene fortsatt kan være representert i prostifellesrådet (eller to dersom prostifellesrådet dekker mer enn fem kommuner).

«Dette kan bidra til å opprettholde kirkens sterke posisjon lokalt og dermed vil også målsetningene om å være en landsdekkende kirke ivaretas», heter det i rapporten.

Lokalt eierskap til ny struktur

Med unntak av noen «storfellesråd» er det nå ett fellesråd i hver kommune, mens det er 94 prostier. Utvalget skriver dette om den prosessen som må skje dersom 350 virksomheter skal bli til cirka 100:

«Hovedutvalget vil legge vekt på at det er viktig å gjennomføre gode lokale prosesser som sikrer at det oppnås bred enighet blant de involverte sokn og kommuner, hvor frivillighet vil være det beste. For at den nye kirkelige organiseringen skal kunne implementeres, vurderer hovedutvalget det likevel som nødvendig å ha muligheten til å gjennomføre sammenslåinger uten fullstendig enighet.»

En enklere organisering som frigjør ressurser

I mandatet for arbeidet heter det blant annet at ny organisering skal «frigjøre mest mulig ressurser til møter med folk lokalt og tilstrekkelige ressurser til å få kirken til å henge godt sammen lokalt, regionalt og nasjonalt» og «være enkel og funksjonell – den skal inneholde nasjonal regulering av det som er nødvendig og forenkle der det er mulig».

Først bred høring

Hovedutvalgets rapport vil etter planen bli sendt på høring til alle organer i Den norske kirke i juni 2021. Deretter vil Kirkemøtet i 2022 behandle en sak om overordnede veivalg og prinsippvedtak for kirkelig organisering, basert på rapporten og høringen.

Kirkerådet vil deretter følge opp vedtaket og forberede konkrete regelendringer i kirkeordningen mv. til Kirkemøtet 2023. Disse vil også bli sendt på høring.

[Les mer om arbeidet med ny, kirkelig organisering her.](#)

Startside kirken.no / Om kirken / Slik styres kirken / **Kirkelig organisering**

Prosjekt Kirkelig organisering

Ny kirkelig organisering | Müller-Nilssen-utvalget



[> Hovedutvalget](#) [> Ofte stilte spørsmål](#) [> Still ditt spørsmål!](#) [> Bakgrunn](#)

Forslag til ny organisering av Den norske kirke



Müller-Nilssen-utvalget har jobbet på oppdrag fra Kirkerådet for å utrede en ny organisering av Den norske kirke. Rapporten ble levert 31. mars 2021, og kan lastes ned her.

Müller-Nilssen-utvalget var hovedutvalget i prosjekt kirkelig organisering, i tillegg til fire arbeidsgrupper. Hovedutvalgets rapport gir et grunnlag for videre arbeid med ny kirkelig organisering.

I mai 2021 skal Kirkerådet behandle rapporten, før saken sendes på bred høring i kirken. Det er Kirkemøtet som er kirkens øverste demokratiske myndighet, som gjør vedtak i saken. På denne siden kan du både lese ofte stilte spørsmål og du kan stille ditt spørsmål!



Presentasjon av Müller-Nilssen-utvalgets forslag

Her kan du laste ned en Powerpoint-presentasjon med tilhørende manus for å presentere forslagene til ny kirkelig organisering, og du kan også laste ned informasjonsfilm som presenterer forslagene.

[LES MER >](#)





Rapport: Samhandling i en selvstendig folkekirke

Hovedutvalget for kirkelig organisering har levert sine forslag til en ny organisering av Den norske kirke. Les rapporten og de syv vedleggene her.

[LES MER >](#)



Ny rapport om kirkelig organisering

7.4.2021

Hovedutvalget for ny kirkelig organisering har levert sin rapport til Kirkerådet. Utvalget foreslår at det opprettes et folkevalgt organ, et prostifellesråd, der medlemmene velges indirekte fra menighetsrådene, slik man i dag velger kirkelig fellesråd i kommunene. Prostifellesrådet skal fungere som arbeidsgiver for alle som arbeider lokalt i kirken.

[LES MER >](#)

Aktuelt



Presentasjon
av Müller-
Nilssen-



Rapport:
Samhandling
i en



12.4.2021

Delta i
diskusjonen!



7.4.2021



Her kan du laste
ned en
Powerpoint-
presentasjon med
tilhørende manus
for å presentere
forslagene til nv

Hovedutvalget for
kirkelig
organisering har
levert sine forslag
til en ny
organisering av
Den norske kirke.

Hovedutvalget for
ny kirkelig
organisering har
levert sin rapport til
Kirkerådet.
I lttvalnet foreslår at

ALLE ARTIKLER >

📞 Kontakt



Prosjektdirektør, kirkelig
organisering

INGER KARI

STENSRUD

91 65 54 48

Klikk for å vise e-post



Direktør

INGRID VAD NILSEN

23 08 12 00

Klikk for å vise e-post



Kommunikasjonsdirektør

INGEBORG DYBVIG

47 48 16 06

Klikk for å vise e-post